

106989

# Skuleplan

for

## Nasjonalhøgskulen



*Frå tunet til Nasjonalhøgskulen.*

På Holtet gard like ved Stabekk st., 9 km frå Oslo, har Noregs Ungdomslag sin høgskule.

Eigedomen Stabekk Østre hørde i reformasjonstidi med til Hovedøen kloster, vart so krongods som i 1661 vart pantsett. Seinare vart eigedomen seld til ein lagmann, men nokon slektsgard vart ikkje eigedomen då.

Sjølv Holtet gard vart utskild frå

Stabekk Østre i 1782. Den gamle hovudbygning som var i ei høg vart i 1870-åri ombygd til eit stort herskapshus som er i bruk i dag. Ein sjeldan stor og gild park med bryggje og båt i Holtekilen høyrer med.

Gamle, høge og ærverdige tre, bjørk og lind har i hundrad år i einsemd kviskra sin song. No vil frisk ungdomsgleda, norske tonar og ord ljoma under

dei sterke greiner. Ei ny tid, ei ung tid — men med røter i gamal grunn held no sitt inntog på denne garden.

Her skal det dyrkast og hegnast om vårt ervegull: folkediktingi, folkemusikken, folkedansen, so vi ein gong kan nå fram til ein levande norsk folkkultur.

#### Føremålet med Nasjonalhogskulen:

Noregs Ungdomslag har i mange år gått i brodden for eit opplysnings- og utdaningsarbeid for å spreida kjennskap til og vurdning for vår nasjonale kultur hjå ungdomen. Det har vore halde skeid i song og folkedans, i lagsarbeid og praktiske kurs i trearbeid o. a. for gitar og saum og revnad for gjentor. Men dette har heller vore stutte skeid og nokon sams plan har det ikkje vore i det, so ungdomen fekk ikkje sjå og læra seg til å sameine dei ymse greiner av den nasjonale kulturen til ein heilskap.

Etter dei siste likesæle åri i ungdomsarbeidet, gjeld det no at ungdomen skynar at vår folkkultur ikkje er gamle,

daude museumsting, men friske kjelder som stendig vil gjeva næring åt kvar ein som i sitt yrke vil byggje og leva med i norsk sed og skikk.

#### Rådet for skulen:


Fru Vesla Knutson Fiane.  
Komponist David Monrad Johansen.  
Sjefen for Statens Teaterdirektoriat  
forf. Åsmund Sveen.  
Skodespelar Einar Tveito.  
Teatersjef Lars Nygard.

#### Skulestyraren:

Styrar for skulen er fru Dina Stave. Ho var med i den ihuga flokken til fru Hulda Garborg som reiste landet rundt med Det Norske Spellaget som då var vegbrøytaren for norsk mål og lynde.

#### Lærarar ved skulen:

Dei faste lærarane er fru Dina Stave, lærar Asbjørn Strand, målar og bilættoggar Arthur Gustavsen, leikledar Oyvin Bolstad, handarbeidslærarinne fru Ingrid Nielsen og kjøkenstyrarinna frk. Inga Lien.



Frå trappi på Nasjonalhogskulen. Til vinstre ser vi reisesekretær Bertelsen, langeleikspelaren Olav Brenno og felespelaren Olav E oju. T. v. bak Brenno lestyren fru Stave.

#### Forelesingar:

Desse vil halda ei eller fleire forelesingar på skeidet: Minister dr. Gulbrand Lunde, minister prof. R. S. Skancke, forfattar Åsmund Sveen, rektor J. F. Voss, komponist David Monrad Johansen, arkitekt Eirik Eikrann, skodespelar Einar Tveito, fru Prag Magelsen og lærar Sven Grimstvedt.

#### Vitjingar:

Ved sida av øvingar og praktiske arbeidsoppgåvor vil elevane få vitja Norsk Folkemuseum og andre kulturelle sjå. Dei vil òg få høve til å sjå framsyningar på Nationaltheatret og Det Norske Teatret.

## Skuleplan

Kvart skeid på skulen vil vare i 6 veker, resten av skuleåret 1942 2 skeid på 5 veker kvar.

Eit skeid frå 5. oktober til 8. november.  
—>— 16. november > 20. desember.

I 1943 forebels 2 skeid:

Eit skeid frå 11. januar til 22. februar.  
—>— 1. mars > 12. april.

#### Skuleplan for kvart skeid:

Øving i folkeviseleik .....	54	timar
Øving i turdans .....	48	>
Øving i rettleiding .....	18	>

120 timar ved fru Stave og Bolstad.

Song, folkevisor og samsong ..... 36 > ved fru Stave.

Soge, Noregssoge, litteratur- og kultursoge ..... 36 > ved lærar Strand.

Handarbeid for gjentor: Sprang, firfletting, uttrekksaum ..... 24 > ved fru Nielsen.

Handarbeid for gitar: 24 timar teikning, utforming, tillang og kulissor for spelframsyningar .. 24 > ved målar Gustavson.

Lagsarbeid, motestyling og program 16 > ved Bolstad.

Rettleiding i sminking og skodespel 8 > ved skodespelar Tveito.

#### Forelesingar i desse emne:

Norsk målsoge.  
Heimeyrke og husbunad.  
Kledesbunad.  
Folkemusikk og folkedans.  
Folkedikting.  
Sed og skikk.

12 forelesingstimar.

Kvar dag 7 undervisningstimar, i alt 252 timar.

Gjentone skal etter tur vera med i kjøkenet og der få rettleiding i å nytta ut dei næringskjeldor vi har i hagevekster og vilt veksande plantor.

Om kveldane vert det skipa til kveldseta, der elevane styrer og lagar til programmi.

Skulen kan taka mot 36 elevar.

*Kostnaden* for eit skeid i 6 veker alt medrekna kr. 200,00. Det vert etla ut stipend.

*Søknad* om opptaking og om stipend sender ein til Nasjonalhøgskulen, Stabekk.

Einskildlag og fylkeslag må velja ut

dei beste gutar og gjentor og lata dei vera med på eit skeid på Nasjonalhøgskulen.

No gjeld det å reisa det som velt er, byggja og bøta med bot som duger. Det som duger er norskdomsarbeid på alle omkverve.

Ungdomen vil no meir enn nokon gong før få høve til å vera med å byggja landet både materielt og kulturelt. Eit skeid på Nasjonalhøgskulen vil gjeva deg syn for det store verd som vår nasjonale folkekultur har. Her møter du vaken ungdom frå heile landet. Her vinn du vener for heile livet.



*Frå leikaringen på Nasjonalhøgskulen.*